

Val av medlemmer og varamedlemmer til generalforsamlinga i

Sparebankstiftinga Hardanger

Etter vedtektene for Sparebankstiftinga Hardanger skal det i 2023 veljast 5 medlemmer og 8 varamedlemmer til generalforsamlinga.

Vedtektene § 2-2 lyder no slik etter endringar som vart vedteke på generalforsamling den 3 april 2019:

§ 2-2 Val av generalforsamlinga

Generalforsamlinga skal ha 13 medlemmer og 8 varamedlemmer. Generalforsamlinga si samansetning skal spegla kundestrukturen i Sparebanken Hardanger som skipa stiftinga, andre interessegrupper og samfunnsmessige interesser knytt sparebankstiftinga si verksemd.

Kvart år skal det haldast innskytarval der dei medlemene som har gjort teneste lengst går ut og slik at valet vert gjennomført over ein 4 års turnus ved at det første året vert vald 4 medlemmer og dei neste 3 åra vert vald 3 medlemmer kvart år.

Medlemene skal veljast av og blant innskytatarar som dei siste 6 månadane før kunngjeringa av valet har hatt bustadadresse i kommunane/herada Eidfjord, Ullensvang, Kvam, Ulvik og Voss og har hatt innskot i Sparebanken Vest med over eit bestemt beløp som vert fastsett av styret i stiftinga. Ingen innskytar kan gje meir enn ei stemme.

5 innskytarvalde medlemmer og 3 varamedlemmer skal vera busette i region Aust som omfattar Ullensvang kommune og Eidfjord kommune.

5 innskytarvalde medlemmer og 3 varamedlemmer skal vera busette i region Nord som omfattar Ulvik herad og Voss herad.

3 innskytarvalde medlemmer og 2 varamedlemmer skal vera busette i region Vest som omfattar Kvam herad.

Som overgangsregel i forholdet mellom gamle og nye reglar skal gjelde at alle representantar beheld sin plass i generalforsamlinga for den periode dei er valde for, men at dei regionane som følgje av endringa får for mange representantar trappar dette ned til rett tal ved at utgåande representantar som er på val i 2020 og 2021 ikkje vert erstatta med nye.

Generalforsamlinga vel ein valkomité med 3 medlemmer. Valkomiteen skal førebu vala, herunder ta omsyn til at samansetjinga av generalforsamlinga skal spegla kundestrukturen i Sparebanken Hardanger som skipa stiftinga, andre interessegrupper og samfunnsmessige interesser knytt til sparebankstiftinga si verksemd. Leiar av generalforsamlinga skal vere leiar av valkomiteen. Valkomiteen innstiller kandidatar til styret og generalforsamlinga for kvart enkelt valområde. Vala skal organiserast av styret i stiftinga. Valet skal kunngjerast i minst ei lokalavis seinast 14 dagar før valet skal finne stad, og elles slik styret bestemmer. Valet kan gjennomførast ved brev, her under elektronisk post eller annan forsvarleg måte etter styret si nærare avgjerd.

Generalforsamlinga vert vald for 4 år. Varamedlemmer skal veljast for 1 år. Vala til generalforsamlinga skal gjennomførast innan utgangen av april månad. Attval kan finna stad.

Innskytarvalt medlem i generalforsamlinga kan ikkje ha dette vervet i lengre enn 12 år samanhengande og ikkje lengre enn 20 år samla.

Generalforsamlinga vel sjølv leiar og nestleiar. Val av medlemmer eller varamedlemer av generalforsamlinga skal skje innanfor den til ei kvar tid gjeldande lovgjevinga. Medlemmer og varamedlemer av generalforsamlinga må ikkje ha styreverv eller vera tilsette i selskap som konkurrerer med Sparebanken Vest. Dersom noko medlem i løpet av funksjonstida kjem i ein slik situasjon, kjem varamedlemeren inn i vedkomande sin stad. Dersom ein varamedlem kjem i nemnde situasjon, går vedkomande ut som varamedlem.

På generalforsamlinga den 20.april 2022 vart det vald slik valnemnd:

Per Røberg, Norheimsund, leiar.
Kjellaug Hoås Samland, Jondal, nestleiar
Svein Jåstad, Grimo

Noverande medlemmer til generalforsamlinga er:

Valde medlemmer:

Synneva Sollesnes Haustveit, Nå
Svein Jåstad, Grimo
Arild Rieber, Eidfjord
Kjellaug Hoås Samland, Herand
Marianne Eide, Jondal

Arild Een, Voss
Stig Røkenes, Ulvik
Liv Hauso, Ulvik
Målfrid Hjeltnes, Ulvik
Rolf Tore Djønne, Ulvik

Per Røberg, Norheimsund
Anita Hesthamar, Tørvikbygd
Evy Kleivane, Norheimsund

Av dei valde medlemene er følgjande på val i 2023:

Synneva Sollesnes Haustveit, Nå
Svein Jåstad, Grimo
Kjellaug Hoås Samland, Herand
Marianne Eide, Jondal
Arild Een, Voss

Valde varamedlemer:

Bente Eikås, Kinsarvik
Eldbjørg Furholt, Odda
Arne O. Bu

Eva Branstveit Kjerland, Granvin
Anne Marie Øydvin, Ulvik
Heidi Marie Medås, Granvin

Hallgeir Aase, Strandebarm
Bjørn Otto Wallevik, Ålvik

Varamedlemene vert valt for eit år slik at alle er på val.

Valet skal i følgje vedtektene skje regionsvist fordelt slik:

Region Aust: Ullensvang og Eidfjord. Det skal i år veljast 4 medlemmer og 3 varamedlemer.

Region Nord: Ulvik og Voss. Det skal i år veljast 1 medlem og 3 varamedlemer.

Region Vest: Kvam. Det skal i år veljast 2 varamedlemer.

Valnemnda innstiller på dobbelt så mange medlemmer/varamedlemmer som det skal veljast. Valnemnda si innstilling:

Region Aust:

- | | |
|----------------------------------|---|
| 1. Svein Jåstad | 8. Asle Læg Reid, Odda |
| 2. Kjellaug Hoås Samland, Herand | 9. Jeanette Helleland, Lofthus |
| 3. Marianne Eide, Jondal | 10. Tomas Hesthamar, Utne |
| 4. Bente Eikås, Kinsarvik | 11. Angunn Handegard Trå, Herand |
| 5. Eldbjørg Furholt, Odda | 12. Bjarne Aga, Nå |
| 6. Arne O. Bu, Eidfjord | 13. Vidar Jåstad, Lofthus |
| 7. Terje Bråvoll, Kinsarvik | 14. Borghild Therese Vindenes Vik, Eidfjord |

Region Nord:

- | | |
|-------------------------------|------------------------------------|
| 1. Arild Een, Voss | 5. Bjørn Senderud, Voss |
| 2. Heidi Marie Medås, Granvin | 6. Olav Ohnstad, Voss |
| 3. Hans Velken, Granvin | 7. Rigmor Onarheim, Voss |
| 4. David Inge Tveito, Granvin | 8. Johanna H. Lillegraven, Granvin |

Region Vest:

- | | |
|-------------------------------|------------------------------|
| 1. Hallgeir Aase, Strandebarm | 3. Gunnar Kvandal, Øystese |
| 2. Bjørn Otto Wallevik, Ålvik | 4. Anne Engedal, Norheimsund |

Reglar for valet:

Røysterrett har dei som er busette i ein av kommunane/herada Eidfjord, Kvam, Ullensvang, Ulvik eller Voss og som i dei siste 6 mnd. har hatt innskot i Sparebanken Vest på kr 500,- eller meir. Berre myndige personar kan røyste ved valet.

Vedlagte røystsetlar skal nyttast. Røysteføre nyttar røystesetelen for sin region og kan berre røysta på kandidatar innanfor sin region.

Røystesetelen skal sendast pr. brev til **Sparebankstiftinga Hardanger v/Valnemnda, adr. Postboks 43, 5782 Kinsarvik.**

Brevet må vera **poststempla seinast onsdag den 15.02.2023.** Røystesetlar som ikkje er mottekne innan 3 dagar etter fristen vert forkasta.

Valnemnda skal kontrollere identiteten til den som røystar.

Dersom det er ynskjeleg å halda hemmeleg kven ein røystar på, må røystesetelen utan påført namn leggjast i ein lukka konvolutt som vert lagt i ein annan konvolutt, der det går fram namn og adresse for den som røyster.

Den/dei som får flest røyster vert vald. Som varamedlem vert den vald som deretter får flest røyster o.s.v. Ved likt tal røyster vert valet avgjort av rekkefølga på vallista.

Per Røberg

Leiar i Valnemnda